

HAREID ROTARY KLUBB



Hareid Rotaryklubb

Månedsbrev oktober 2001

Årgang 37

Distrikt 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid IL
6060 Hareid

President: Johs .J. Hareide

Visepres.: John Stennes
Sekretær: Aage Nytun
Kasserar: Oddvar Haugen
Past pres.: Karl Johan Brandal
Styremedlem: Elisabet Sundgot
Styremedlem: Ingar Bigset
Leiar for Ungd.utv.: Harald H. Rise

Ansv. Red.: Anne Gry Eilertsen

Fødselsdagar i November:

Oskar Grimstad 08.11
Arne Lillebø 24.11
Egil Utgård 26.11
Gunnar Riise 28.11
Arve Røyset 29.11

100% frammøte i oktober:

Karl Johan Brandal
Aage Nytun
John Stennes
Håkon Brekke
Arne G. Grimstad

ØYA MOT VEST.

Ho hadde somna
dåeg kom
øya til mor mi
øya mot vest.

Låg og drog seg i sola
med tangteppet drege
oppover
akslane sine.

Trøytna var ho
av tramp og trakk
frå travle føter
ut og inn
av dei nedkrøkte husa
garn som skulle fyllast
garn som skulle bøstast
i stormskjo mellom skjæra.

No fekk ho kvile
æine med storhav
og kvitkledde fuglar
med helsing frå livet
flytta inn
til ei tryggare tid.

Ho hadde somna
dåeg kom.
Eg vil vente –
sjåom ho vaknar.

ROTARYMØTE 1. OKTOBER 2001.

Gjennom mange år har det vore tradisjon at Hareid Rotary Klubb er med på åsyster for oppvarminga av Holesandhytta til Hareid kristelege ungdomslag. Og mandag 1. oktober var eit arbeidsmøte, der det både vart høgt, saga og lødd ved. I år var det småskogen til grunneigar Marit Kvammen som fall for øksene til Rotary-medlemmene. Alt laurdagen før, 29. september, hadde ein gjeng rotaryanarar starta arbeidet. To av medlemmene, Alv Øvrelid og Arne G. Grimstad, kom med traktor, og andre stilte med vedkløyvar og kvasse økser. To dagars innsats har resultert i ca. to famner med ved. Hareid Rotary Klubb brukar åleige Holesandhytta til røyrafest. Med dugnadsinnsatsen kjem i første rekke av at klubben gjerne vil gjere eit handslag til ungdomsarbeidet i kommunen.

ROTARYMØTE 8. OKTOBER 2001.

Påprogrammet denne dagen sto ego-foredrag av Håkon Brekke. Han er fødd på indre Hareid, 66 år gammal og pensjonist.

Håkon Brekke er fødd i 1935, og son til Håkon og Kristine (f. Hareide). Han begynte på folkeskule i 1942, og hadde J.P. Måseide til lærar dei første åra. Deretter tok Ingolf Hareide over lærergjeringa. Håkon Brekke var konfirmert i 1950, og dei to neste åra gjekk han på realskule på Holstad, med Peder Måseide som lærar. Deretter barst det på fiskeri, slik brukvisa var hos dei fleste ungdommane på Hareid den tida. Den første turen han med "Islandingen" på sildefiske ved Island. Seinare vart det turar både med "Polarsel", til Vesterisen om vårane og Stretet om sommaren. Både far hans, og tre eldre brøyr, var sjøfolk, og sidan han reiste på sjøen i 1952, åvara dei han om å satse på sjølivet. Han følgde rådet, og kom inn på Kjøpig Tekniske Institut i byen Kjøping i Sverige. På lina for verkstadteknikk.

I 1957 var han ferdig utdanna ingeniør, og deretter barst det rett i militæret. Den første jobben etterpå fekk han på konstruksjonskontoret til Ski Mek. Verksted på Ski utanfor Oslo, der dei produserte kjøde/ frysekompressorar. Medan han var på Ski, i 1961, fekk han telefon om at det var planar om å starte ei bedrift i dei nedlagde lokala etter Hareid Bruk, og spørsmålet var om Brekke kunne tenke seg å vere produksjonsleiar i bedrifta. Bedrifta heitte M.K. Internasjonal. M-en stod for Jens Moe, K-en for Odd Kapstad. Opplegget var å produsere hagemøblar i aluminium og TV-antennar. I august 1962 starta opprusninga av lokala på Indre Hareid.

Produksjonen av TV-antennar vart kort. Hagemøblane selde godt dei første åra, men likevel fekk bedrifta problem. Det var altfor sesongbetont, og det blei arbeidd hardt for å finne produkt som kunne erstatte antenneproduksjonen. I eit par år vart det laga fiskekasser i aluminium, men så kom plasten og marknaden stoppa opp. I staden satsa

bedrifta på å bli underleverandørar til skipsindustrien, og dei produserte både styrehus, andre overbygg, luker og fiskebingar til trålarar. Men bedrifta stod ved eit vegskilje, og i 1970 vart ho seld til Ulstein Mek. Verksted, og Håkon Brekke fekk tittelen plass-sjef.

I 1972 tok Ulstein Mek. Verksted over Hatløg og namnet vart endra til til Ulstein Hatløg AS. Bedrifta fekk samtidig namnet Ulstein Nor AS. Same året inngjekk Ulstein kontrakt på bygging av supplyskip til amerikanske Tidewater, og Ulstein Nor fekk spørsmål om å produsere tankane på lisen for dei fire skipa. Håkon Brekke reiste til Halliburton's fabrikk i England for å sjå om det var mogeleg, og han slo til. Dette vart positivt for bedrifta.

I løpet av 1973 vart det produsert 16 tankar. I samarbeid med ei Stavanger-firma begynte Ulstein Nor å utvikle sine egne system, og lisensavtalen med Halliburton blei sagt opp.

ROTARYMØTE 22. OKTOBER 2001.

År 2001 er FN sitt "Frivillighetsår", og Signe Bjåstad, leiar av Frivilligsentralen i Hareid, var invitert til å fortelje om korleis sentralen blir driven. Det er i år 10 år sidan Frivilligsentralen i Hareid vart starta, og dei har i dag ca. 240 registrerte, frivillige hjelparar. Blant aktivitetane dei organiserer er Småbarnstreff på Hareid bedehus ein gong kvar fjortande dag. Dette har særleg blitt eit nytt tilbod for heimeverande småbarnsmødre og barna deira. Fem gonger i året arrangerer Frivilligsentralen, i samarbeid med pleie- og omsorgsetaten. Temakvelder på Hadartun. Dette er møte som er opne for alle interesserte bygdafolk. Blant emna som har blitt tatt opp er "Barn i sorg", "Endring i livssituasjonen", "Diabetes" og "Fibromyalgi".

Ein gong i månaden inviterer Frivilligsentralen til Internasjona kvinnegruppe, der både norske og utanlandske kvinner er med. Til gjensidig nytte har det stått både matkurs og sykurs på programkveldane deira.

Frivilligsentralen har også ei eiga gruppe for svaksynte som kjem saman kvar fjortande dag, og saman med diakonutvalet i Hareid kommune støttar dei opp under ei sorggruppe. I 1999 starta Frivilligsentralen opp med kiosksal ved Hadartun, ein gong kvar fjortande dag. Då kan pensjonarane få kjøpe toalettartiklar og frukt sjøve. Dette er ei ordning der dei frivillige går inn i ein turnus. Eldretreff kvar fjortande dag, og organisering av Natteramnordninga, er også eit område som Frivilligsentralen er sterkt inne på. På natteramnlista står det ca. 150 foreldrenamn, og så er Frivilligsentralen si oppgave å passe på at der er nok foreldre ute kvar laurdagsnatt.

ROTARYMØTE 29. OKTOBER 2001.

Denne kvelden var tradisjonen tru programfri. Men Sverre Bjåstad, som nettopp har gitt ut Personboka 2000, med namn på alle personar i Hareid og Ulstein, orienterte om boka. Boka er også eit register til eksisterande bygdebøker.